



Eub Ltd
Øvre Kråkenes 66
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4635 - 21/33290

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:
18.05.2021

Svar vedkomande utvida bruk av avkøyrslø

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

I samband med søknad om ferdigattest for gbnr 213/62 er det behov for utvida bruk av avkøyrslø mot kommunal veg Eikanger Nedre.

Vurdering/drøfting:

Vegavdelinga har vore på synfaring på staden saman med utbygger.

Avkøyrslø slik den ligg i dag er ikkje optimal. Men dette er i enden av den kommunale vegen med liten trafikk og det vil ikkje vere problem med utvida bruk for ein bustad. Området har i dag få faste bustader og ein del hytter.

Det er eit postkassestativ som er plassert i siktsona mot den private vegen som går vidare frå den kommunale snuplassen. Dette skal etter plan flyttast.

I tillegg er det ikkje optimale grøfter og drenering langs avkøyrslø mot den kommunale vegen.

Dette vart diskutert på staden og grøft skulle renskast og tilfredstillande drenering under avkøyrslø skal leggjast slik at vatnet føl grøftene og ikkje den kommunale vegen nedover.

Det er planar om å søkje frådelling til fleire bustadtomter i området. Om det vert tilfelle må dagens avkøyrslø stengast. Vegen skal då leggjast om slik at avkøyring frå denne bustaden og andre busdader/hytter som nyttar dagens avkøyrslø får ny tilkomst via omlagt veg.

Sikt frå dagens avkøyrslø var tidlegare noko kort nedover, men vegetasjonsrydding har ført til at dette no er endra og sikt er tilfredstillande.

Samandrag/konklusjon:

Det kan gis utvida bruk dersom vilkåra i løyvet vert fulgt.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Postkassestativ skal flyttast over på andre sida av kommunal veg slik det vart avtala under synfaring.
- Det skal etablerast tilfredstillande drenering under den eksisterande avkjørsla som er der i dag.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Anne Lise Molvik

Mottakarar:
Eub Ltd

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES